

Dato:	8.2.2017	Saksnr:	16/01116-3
--------------	----------	----------------	------------

Til:	Verksemder som leverer innhald til OEP
Frå:	Seksjon for strategi og tjenesteutvikling
Saksbehandlar:	Gunnar Urtegaard
Kontaktpunkt:	einnsyn@difi.no

elnnsyn i 2017 – notat til innhaldsleverandørane

Føremål

Målet med dette notatet er:

1. Gi informasjon om status for arbeidet med elnnsyn eller ny OEP
2. Fortelja om planar for arbeidet i 2017 og viktige milepælar
3. Invitera til dialog om praktisk utprøving av elnnsyn framover
4. Oppmoda verksemdene om å byrja å planleggja overgang til elnnsyn

Status for arbeidet med elnnsyn

I september sende me ut notatet [Dataflyt mellom offentlege verksemder og elnnsyn, modellar, ansvar og konsekvensar](#). Her gjorde me greie for status for prosjektet då og korleis me såg føre oss at elnnsyn kan takast i bruk av verksemdene. Her omtalte me og ansvar og kva naturlege rollar innhaldsleverandørane, systemleverandørane og Difi vil ha i arbeidet med å realisera elnnsyn.

Utviklinga av elnnsyn er no kome langt. elnnsyn skal erstatta dagens OEP i januar 2018. Difi har inngått eit samarbeid med Oslo kommune og utvikling av felles elnnsyn for stat og kommune. Oslo kommune gjekk i produksjon (beta) med søk i politiske saker no i desember 2016. Denne finn de på beta.einnsyn.no

Hovudmilepælar for 2017 (elnnsyn/Ny OEP)

Ny OEP skal etter planen i drift frå 1.1.2018. For arbeidet med prosjektet elnnsyn er det definert fylgjande hovudmilepælar i 2017.

	Oppgåver	Milepæl år-mnd	Merknad
1	Plan drift, forvaltning og support utarbeidd	2017-2	
2	Integrasjonspunkt (kommunikasjons-teneste) og elnnsyn klient ferdig testa og dokumentert	2017-3	Installasjon og test gjennomført i 4-8 verksemder i mars
3	Forvaltning og support for arbeidet med utrulling er etablert	2017-3	
4	Basisfunksjonalitet elnnsyn ferdig utvikla og testa	2017-4	
5	Prioriterte nye tenester utvikla og testa	2017-5	
6	elnnsyn stat og elnnsyn kommune ferdig utvikla	2017-5	Utviklingsarbeidet vert avslutta. Forvaltning, stabilisering held fram
7	Teknisk kommunikasjon verksemder (121) etablert mot elnnsyn testplattform	2017-8	Sikra at alle verksemdene får levert data til elnnsyn testplattform
8	Teknisk kommunikasjon verksemder (121) etablert mot elnnsyn produksjonsplattform	2017-11	Sikra at alle verksemdene får levert data til elnnsyn produksjonsplattform
9	elnnsyn overlevert og sett i drift	2018-1	Dagens OEP vert avslutta

Utrulling

Overgang frå OEP til elnnsyn medfører mellom anna nytt opplegg for å overføra data frå dei ulike verksemdene til elnnsyn. Sentralt i ny løysing er installasjon av elnnsyn klient og av programvare for integrasjonspunkt hjå verksemdene. Desse to tenestene vil overføra data frå verksemdene og leggja det inn i elnnsyn. Den nye strukturen vil verta rulla ut i 2017 i to

hovudfasar. Fram til august vil me rulla ut ei testløyising, og frå august til november vil me kopla verksemdene opp mot elnnsyn si produksjonsløyising. Det vil koma eit eige informasjonsskriv som omhandlar dette om ikkje lenge.

Informasjon til verksemdene og arbeidet i 2017

Me har som mål at alle verksemdene skal få god informasjon om det som skjer framover. Samarbeidet og dialog med verksemdene vil ha hovudprioritet frå og med mars/april og ut året. Me vil løpande leggja ut informasjon på [Difi sin Samarbeidsportal](#). Ein del informasjon vil og koma direkte til verksemdene.

Den 2. mars vert det ny runde med møte med dei ulike referansegruppene for elnnsyn. Her er verksemdene godt representerte. Her vil me gje grundig informasjon om arbeidet og planane vidare i 2017.

Den 15. og 16. mars vil det verta skipa til workshop/webinar for alle statlege verksemder som leverar til OEP. Her vil og dei aktuelle systemleverandørane vera til stades. Det vert tre like samlingar, ei samling for kvar type sak/arkivsystem.

- 15. mars kl 13:00 – Evry/Gecko
- 16. mars kl 09:00 - Tieto
- 16. mars kl 13:00 - Acos

På samlinga vil Difi orientera om arbeidet med elnnsyn og korleis det vert lagt til rette for publisering av dokument i fulltekst. Systemleverandøren vil skissera løysingar for å tilpassa systema til dei behov elnnsyn har. Sentrale punkt her vil vera publisering av dokument og modellar for overføring av data til elnnsyn. Det vert rikt høve til spørsmål og dialog.

Samlinga vert i Difi sine lokale på Grev Wedels plass 9 i Oslo. For dei som ikkje har høve til å møta fysisk, vil samlinga verta overført på video, som eit webinar med høve til å stilla spørsmål skriftleg via chattefunksjon. Det vil koma invitasjon til denne workshopen om ikkje lenge.

Korleis ta i bruk elnnsyn?

Dei 121 verksemdene som leverer data til OEP i dag, skal levera data til OEP på same måte som i dag ut 2017. Samstundes skal verksemdene i løpet av 2017 gradvis knytast opp mot ny løysing slik at alt ligg klart til overgangen frå gamal til ny løysing ved årsskiftet 2017/2018. Difi har lagt til rette for enkel og fleksibel overgang frå OEP til elnnsyn.

Alternativ 0

Me har lagt vekt på at det skal vera låg terskel for å koma i gang. Den enklaste forma for tilknytning til elnnsyn vil vera å bruka dagens rutiner og format for å henta ut data. Arbeidet med å henta ut data vert soleis nett som i dag etter dette alternativet. Data vert kontrollert og

henta ut i dagens xml-format. For å levera data vert det endring. I staden for å logga seg inn på OEP, vert fila henta over av elnnsyn og konvertert til det formatet elnnsyn nyttar. Innhaldet vert så tilgjengeleg i elnnsyn. Alternativ 0 ser me på som ei overgangsordning.

Alternativ 0 føreset ikkje endringar eller justeringar i sak/arkivsystem eller i dagens OEP-modul.

Alternativ 0+ (med dokumentlink)

Alternativ 0+ er det same som alternativ 0 med ei lita justering i OEP-modulen slik at det vert høve til å publisera dokument. Den er uavhengig av sak/arkivsystemet og kan derfor lettare endrast. Dette har me drøfta med systemleverandørane.

I dagens OEP er det høve til leggja inn dokumentlink (sti til dokument). Dokumenta må verksemdene sjølve gjera til gjengeleg på ein server der dei kan finnast og lesast. Det er ein del verksemdar som har lagt ut ein del dokumentstiar i dagens OEP, mellom anna ein del departement, men løysinga er lite nytta. Denne varianten av alternativ 0 har me kalla 0+. Den er langt på veg lik den løysinga som vart drøfta kring 2012, men linken vert generert i det XML-fila vert laga, ikkje lagt til etter at data er lasta opp. Me vil orientera meir om dette på workshop med systemleverandørane den 15. og 16. mars.

Alternativ 0+ føreset ikkje endringar eller justeringar i sak/arkivsystem eller i dataformat, men eksporten til OEP må ta med eit ekstra felt.

Alternativ 1 – ekspeder til elnnsyn

Alternativ 1 er den løysinga som Difi meiner bør vera målet for alle verksemdene etter ei viss tid med overgangsordningar. Alternativ 0 og 0+ ser me på som tidsavgrensa overgangsordningar.

I alternativ 1 ser me føre oss at verksemdene ekspederer informasjon til elnnsyn som ein del av dagleg sakshandsaming eller dagleg arkivarbeid. Ein og ein post må kunna overførast til elnnsyn etter at innhaldet er kvalitetssikra av verksemdene. Med det meiner me at verksemdene har skjerma eller sladda all informasjon som ikkje er offentleg slik at det ikkje skjer feilpublisering av sensitiv informasjon. Dette alternativet gir verksemdene same fridom som i dag til å avgjera kva som skal publiserast og når det skal publiserast. Verksemdene har full kontroll over dette på same måte som dei har i dag.

I alternativ 1 må og sti til dokumentlager leggjast med for alle journalpostar som kan fulltekstpubliserast. Der vil dokument og vedlegg liggja. Å få etablert slikt dokumentlager er verksemdene sitt ansvar. Ein del systemleverandørar tilbyr og løysingar her.

Alternativ 1 krev tilpassingar i sak/arkivsystemet eller i modular for ekspedering av post/meldingar. Modul for å senda melding eller ekspedera melding må kunna støtta ein ny type melding som skal gå til elnnsyn. Ny mal for slik melding vil verta nærare definert. Formatet vil vera Noark5, JSON-LD.

Korleis koma i gang med planlegging?

Grøn, gul, raud informasjon

Difi har køyrt eit prosjekt parallelt med elnnsyn som heiter «Barrierer mot mer offentlighet» Målet er mellom anna å finna fram til god praksis med tanke på å kunna utnytta funksjonane i elnnsyn for å publisera dokument i fulltekst.

Verksemdene avgjer sjølve når det høver for dei å ta i bruk desse funksjonane. Tilgang til dokumenta er likevel eit sterkt ynskje frå sentrale brukargrupper og det er eit hovudmål i oppdraget med å utvikla elnnsyn at det skal leggjast til rette for dette. Barriereprosjektet har hatt tett dialog med to pilotverksemdar, NVE og Barne – og likestillingsdepartementet. Gjennom kartlegging av praksis og inngåande drøftingar om korleis ein kan gå fram, er det kome framlegg om å byrja med den enkle informasjonen først. Det vil seia at ein publiserer informasjon som ein er trygg på kan fulltekstpubliserast i si originale form. Slik får ein erfaring før ein går laus på informasjon som krev meir vurdering og kontroll.

Det er skissert ein metodikk som går ut på å dela informasjon inn i **grøn, gul og raud** informasjon.

Grøn – kan fulltekstpubliserast utan vidare vurdering

Gul – her er svaret meir usikkert og krev meir vurdering og kontroll

Raud – kan som hovudregel ikkje fulltekstpubliserast

Gjennom å kartleggja desse hovudgruppene og koma fram til informasjon som klart ligg i grøn sone, kan ein koma i gang med det som er lettast. Då vil ein få rutiner på plass, få erfaring og kan utvikla god praksis etter kvart.

Barriereprosjektet vil koma med gode hjelpemiddel som alle vil få informasjon om og kan ta i bruk. Barriereprosjektet vil og utarbeida opplæringsplanar som verksemdene kan tilpassa og ta i bruk.

Verksemdene må ha full kontroll på kva data som skal publiserast til elnnsyn og når det skal skje. Det vil sjølvst og gjelda dokument og eventuelle vedlegg til hovuddokument.

Det må vera mogeleg, tidleg i arbeidet og på enkelt vis, å kunna markera om ein journalpost kan ekspederast til elnnsyn eller ikkje. Det som i første omgang vert sett til **gul**, må kunna takast fram att for ny vurdering. Innbyggjarane har likevel rett til å be om innsyn i alle typar informasjon.

Testing og utprøving

Arbeidet med elnnsyn er kome langt. Me er no kome dit at me vil invitera alle innhaldsleverandørane til OEP til å vera med å prøva ut og kommentera den nye løysinga.

Difi har no fått på plass ein eigen test-server for at alle innhaldsleverandørar skal kunna testa ut einnsyn på eigne reelle data frå OEP. Data er lagt inn frå mai 2010 og fram til og med 2015. Testserveren er tilgjengeleg på adressa <http://beta-einnsyn.difi.no/>. De treng brukarnavn og passord no i testfasen. Det er vedlagt i eposten som følgde dette notatet.

Det vil no vera høve til å testa store delar av søkefunksjonaliteten, med m.a. filtrering på verksemd og datoavgrensing. De vil kunne sjå korleis løysinga viser søketreff og korleis den viser metadata og samanhangen mellom journalpostar og saker. einnsyn er utvikla for å fungera godt også på nettbrett og smarttelefonar. Me ber om at de og prøvar ut det.

beta-einnsyn.difi.no er som sagt under utvikling. Både design, innhald og funksjonalitet kan og vil endra seg. Den er likevel klar til å kunna prøvast. Me jobbar løpande med å ferdigstilla nye funksjonar. Administrasjonsgrensesnittet er under arbeid. Det same er *Mitt einnsyn*. Me jobbar og med funksjonar for å senda og motta innsynskrav. Etter kvart som meir funksjonalitet er klar til testing, vil det verta opplyst om på [Samarbeidsportalen](#).

Gje oss gjerne tilbakemelding når de testar einnsyn. Er det konkrete tilbakemeldingar eller spørsmål knytt til funksjonar i tenesta så bruk gjerne knappen "Gi oss din tilbakemelding" som ligg nederst på kva side i løysinga. Då vert stien til den funksjonen de kommenterer lagt med, og det er lettare å sjå kva som er kommentert. For meir generelle kommentarar ber me om at de sender epost til einnsyn@difi.no.

Det vedlagde brukarnamnet med passord er unikt for kvar verksemd og me ber om at de tek godt vare på det. Det vert lagt opp til at testfasen er i perioden ca 1. mars til ca 1. mai. Me ser fram til eit godt samarbeid om utprøving og testing av einnsyn.

Helsing
Gunnar Urtegaard
Fagdirektør/prosjektleder einnsyn

Kontaktpunkt:

Epost: einnsyn@difi.no